



FOLKEVOGNDILLA: 12 folkevognar og ein nær slektning lina opp på kaia i Ålesund. Veteranklubben Volkswest har invitert til eit uhogetideleg hausttreff. FOTO: RANDI LONGVA

Varme følelsar for rullande veteranar

Volkswagen starta ei retrobølge då dei introduserte nye bobla for 15 år sidan. Enkelte jubla. Andre heva knapt eit augebryn. Veteranklubben Volkswest har tapt sine hjarte til luftkjølte folkevognar.

– Då eg kjøpte bilen, var det mange som trudde eg var ein tulling på vegen. No får eg derimot tommelen opp og mykje merksemd av den gode sorten, fortel Bjørn Tore Jepsen frå Ålesund. I løpet av dei 20 åra han har pleia sin 1963-modell Type 2 Pick-up, er det merkbart fleire som ser verdien i å ta vare på klassikarane som har rulla ut av fabrikkane til Volkswagen. Jepsen har aldri vore i tvil. I mekkegarasjen står to folkevognbussar og ei folkevogn.

– Eg hadde kjøpt fleire om det hadde vore plass. Dei må få stå inne. Det er viktig.

Rust in peace. 12 staslege folkevognar og éin nær slektning er stilt opp på den våte brusteinen på Skansekaia. Medlemmane i sunnmørsavdelinga av Volkswest står tett inntil husveggen for å unngå regndropane. Trip-par etter å få firhjulingen i hus igjen. Folkevognar type veteran trivst best under tak.

Stor køyreglede. Helge Breivik, busett i Ålesund, medgir at cabrioleten hans frå 1972 ikkje er så glad i regn. Bilen var langtbilidare under årets solfylte ferietur på smale, svingete vegar i Italia. Breivik hadde med det meste han trengte av pluggar, ekstra viftreim og

VOLKSWEST

- Volkswest vart starta i 2008. Ein veteranbilklubb for Volkswagen entusiastar frå Møre og Romsdal.
- Hovedtyngda av medlemmane køyrer luftkjølte folkevognar med motoren bak.
- Delt inn i to avdelingar: Sunnmøre og Nordmøre/Romsdal.
- Sunnmørsavdelinga har over 100 registrerte medlemmar.
- Årlege lokale og nasjonale treff, m.a. Sunndalssøra, Geiranger, Helgøya og Gardermoen.

stiftar, i tilfelle bilen skulle streike. Fordelen med eldre folkevognar, er ifølgje Breivik at dei er såpass enkle, at det er muleg å skru på dei.

– Korleis er køyrekomforten?
– Skal du verkeleg kjenne på det å fly, så flyr du Twin Otter. Det er det same med boble. Du kjenner at du køyrer bil. Og det luktar. Eksos og bensin. Det er ein viktig del av opplevinga, meiner Breivik. Familiens yngstemann på fjorten klaga i alle fall ikkje då han var med på tur i sommar.

– Eg har vakse opp med boble, og syns det er viktig å vise denne delen av historia til den oppvaksande generasjo-

nen, fortel Breivik.

Den originale bobla gjekk ut av produksjon i 1973.

Retrobølge. Ikkje alle er like tru mot folkevogna som Breivik. Han har eigd tre bobler og tre folkevognbussar. Som eit forsøk på å skape ein ny generasjon bobleentusiastar, lanserte Volkswagen for 15 år sidan ei nye boble, lett inspirert av den klassiske forgjengaren, som hadde vore i produksjon sidan slutten av 30-talet. Dette skapte ei retrobølge, der andre bilprodusentar heiv seg på og lanserte klassikarar i nye modellar. Ford Mustang, Fiat 500 og Mini Cooper er eksempel på det.





1: Carl-Petter Vik Haugen frå Lauvstad er glad i bobla si frå 1966. Den lukkelege eigaren av «Luftwaffå» har tre bobler totalt.
 2: Sansen for detaljar er det ingen tvil om at Henning Hanssen har. Her med si folkevogn 1300 frå 1968.
 3: Medan enkelte har tapt sine hjarte til veteranane, er det andre som føretrekkjer ein splitter ny variant av bobla. PRESSEFOTO: VOLKSWAGEN
 4: Marius Rødal har ein forkjærleik for folkevognbussen, av typen Deluxe-modell med delt frontrute. – Har du først fått dilla på folkevogn, finst det ikkje medisin for det.
 5: Gjennomført Volkswagen-interiør. FOTO: SVERRE BLINDHEIM

– Eg hadde kjøpt fleire om det hadde vore plass. Dei må få stå inne. Det er viktig

BJØRN TORE JEPPESEN

I ein klubb der medlemmane køyrer luftkjølte veteranfolkevogner med motoren bak, finn ein naturleg nok ikkje den største entusiasmen for nyproduserte bobler.

Den første tanken som slo Nils Magne Walgermo då retro-utgåva kom i 1998, var «uff». Lokalleiaren frå Ørskog ser derimot med blidare auge på årets boblemodell. Med dashboard og karosseri som er nærmare opp mot den gamle bobla, har den fått eit mer sporty og tidsriktig preg, meiner Walgermo.

Artige etterlikningar. Ein av klubbens mest ihuga bobleentusiastar, Bjørn Tore Jeppesen, er ikkje motstandar av at bobla har kome i nye utgåver. Heller ikkje at det heilt fram til i dag har blitt produsert folkevognbussar. Andre generasjons folkevognbuss, T2 frå 1967 til 1979, har vore i produksjon i Brasil. No er det snart slutt for den æraen òg. 600 nummererte bussar trillar ut av fabrikkjen i desse dagar.

– Dei nye er morsame «lookalikes», men det er ikkje «the real thing». Eg meiner folkevognene skal vere luftkjølte, med motoren bak. Det er det som er ekte, seier Jeppesen.

Luftwaffå. I rekkjene av folkevogner med skin i lakken, er det ein bil som skil seg ut. «Luftwaffå» frå Lauvstad.

– Eg liker at den ser gamal og sliten ut, at den har patina. Det er ikkje alt som funkjer som det skal, men alt blir ein vane, seier Carl-Petter Vik Haugen.

– Når eg er ute med Luftwaffå, kjem halve ferjekøa bort for å kike. Og barnehageungane hoiar når eg køyrer forbi, seier han og flirer godt. Før han dreg på lyden på anlegget, rullar ned vindauga og brummar av garde på nye eventyr.

RANDI LONGVA
 reportasje@smp.no

– Skal du verkeleg kjenne på det å fly, så flyr du Twin Otter. Det er det same med boble.

HELGE BREIVIK

